

Årsmelding 2020



Vedteke av representantskapet i fjernmøte 14.4.21, sak 04/21.

1 Innhald

1	INNHALD	1
2	INNLEIING	2
3	REPRESENTANTSKAP OG STYRE	2
3.1	REPRESENTANTSKAP	2
3.2	STYRE	2
4	TILSETTE	3
5	ARBEIDSÅRET 2020	3
5.1	KONTROLLUTVALA	3
5.2	OMDANNING PR 1.1.2020	4
5.3	OPPDATERT SAMARBEIDSAVTALE	4
6	ØKONOMI	4
6.1	UTDRAG FRÅ REKNESKAP 2020	4
6.2	PENSJONSKOSTNADAR	4
6.3	AVSLUTNING AV REKNESKAPEN	5
7	RESSURSBRUK OG AVREKNING	5
8	ANDRE TILHØVE	5
8.1	PERSONVERN	5
8.2	ARKIVANSVAR	6
8.3	LIKESTILLING	6
8.4	ARBEIDSMILJØ	6
8.5	YTRE MILJØ	6
8.6	MEIR OM SELSKAPET	6

2 Innleiing

Frå og med 1.1.20 vart SEKOM sekretariat omdanna til kommunalt oppgåvefelleskap. Ut 2019 var selskapet heimla i § 27 i den gamle kommunelova. Eigarsamansetjinga vart endra med 9 eigarar i det nye selskapet mot 15 tidlegare.

Selskapet sitt føremål jf pkt 4 i samarbeidsavtala:

SEKOM er oppretta for å utføre sekretariattjenester for kontrollutvala i eigarkommunane. Selskapet skal syte for at kontrollutvala får naudsynt bistand til å utføre kontrollutvalsoppgåvene.

3 Representantskap og styre

3.1 Representantskap

Representantskapet er eigarane sitt organ med ein vald representant med vara frå kvar kommune. pr 31.12.20 er desse valde:

Kommune	Representant	Vara
Askvoll	Frank Ask	Tormod Ådlandsvik
Bremanger	Tor Inge Myrhol	Nina Grotle
Fjaler	Magnar Hellesøy	Harald Nyland
Gloppen	Beate Dybendal Nordvik	Bjarte Gangeskar
Gulen	Øyvind Lid	Aslak Nyhammer
Hyllestad	Kjell Eide	Geir Helge Nordstrand
Solund	Tom Færøy	Signe Bjørøy
Stryn	Sven Flo	Haldor Hove
Sunnfjord	Olve Grotle	Jenny Følling

Saker som skal handsamast i representantskapet jf pkt 7 i samarbeidsavtala:

- Val av leiar og nesteleiar i representantskapet
- Val av styre
- Val av leiar og nesteleiar i styret
- Budsjett, årsrekneskap og årsmelding etter framlegg frå styret
- Reglement for godtgjersle til representantskap og styre

3.2 Styre

Styret vart valt av representantskapet i sak 4/20 den 19.2.20:

Leiar	Per Rune Vereide
Nestleiar	Inger Jorun Årseth
Styremedlem	Randi Gåsdal
Styremedlem	Frank Midtbø
Styremedlem	Merete Haugsdal
1. vara	Ørjar Eiken
2. vara	Ole Erik Thingnes
3. vara	Ingunn Sognnes
4. vara	Anders Rinde
5. vara	Arild Horsevik

Oppgaver for styret etter pkt 9 i samarbeidsavtala:

- Tilsetjing og oppseiing av tilsette i selskapet
- Løns- og arbeidsvilkår for tilsette
- Eventuell arbeidsplan eller tilsvarande styringsdokument
- Framlegg til representantskapet om budsjett, rekneskap og årsmelding
- Økonomireglement
- Vedtak om kontorstad
- Eventuell instruks eller tilsvarande for dagleg leiar

4 Tilsette

Verksemda hadde 2 tilsette. Dagleg leiar Arnar Helgheim og rådgjevar Audhild Ragni Vie Alme. Årsløna til dagleg leiar er pr 31.12.20 på kr 796.000,-.

På grunn av endra kommunesamansetjing frå 1.1.20, arbeidde selskapet med løysingar for å sikre at ein framleis har 2 heile stillingar. I perioden mars 2020 til mas 2021 har rådgjevar permisjon frå 40% av stillinga for å jobbe i Sunnfjord kommune. Denne løysinga kom i stand etter initiativ frå SEKOM sekretariat hausten 2019 då det var spesielt stor usikkerheit.

Reiseutgifter for tilsette vert dekkja etter statens regulativ og andre utgifter etter dokumentert rekning. Tilsette følgjer dei til ei kvar tid gjeldande lover, forskrifter og avtaler i KS-området. For utfyllande reglar, har styret vedteke at SEKOM sekretariat følgjer reglementa i Sunnfjord kommune.

5 Arbeidsåret 2020

Dette var første året etter omdanning til «nye» SEKOM sekretariat. Det er ny eigarsamansetjing og heimel i den nye kommunelova. Kommunale oppgåvefelleskap etter den nye kommunelova skal organiserast med eit eigarorgan og eit selskapsorgan. Samanlikna med tidlegare organisering, vert dermed det eit tydelegare skilje mellom eigarrolla og selskapsrolla.

Representantskapet hadde konstituerande møte den 19.2.20. Her vart Olve Grotle (Sunnfjord) valt som leiar og Kjell Eide (Hyllestad) som nestleiar. Her vart det også valt eit styre til å drifte selskapet.

Organ	Møte	Saker
Styre	3	32
Representantskap	3	21

Dagleg leiar rapporterer til styre og representantskap om gjennomføring av arbeidsplan som vert vedteken saman med budsjett. Dette er tilgjengeleg på www.sekom.no men er ikkje ein del av den formelle årsmeldinga frå selskapet til eigarane.

5.1 Kontrollutvala

2020 var det første året i den nye kommunestyreperioden. Sekretariatet hadde fokus på at kontrollutvala skulle vere operative raskast mogeleg. Det var til saman 72 utvalsmøte med handsaming av 494 saker. På grunn av smittevern, var nokre av møta videomøte ved hjelp av Skype.

Kvart utval rapporterer til sitt kommunestyre med årsmelding og i saker der det er aktuelt.

	Møte	Saker
Askvoll	7	44
Bremanger	8	50
Fjaler	8	53
Gloppen	8	49
Gulen	8	57

Hyllestad	7	45
Solund	7	46
Stryn	9	66
Sunnfjord	10	84
	72	494

5.2 Omdanning pr 1.1.2020

Endring frå 15 til 9 eigarkommunar gav utfordringar for SEKOM sekretariat. Styret og dagleg leiar arbeidde med moglege løysingar parallelt med avklaringane frå samanslåingskommunar i 2019. Budsjett for 2020 vart vedteke 12.9.19 medan det framleis var mange uavklarte spørsmål. Frå utgreiinga til budsjettsaka:

I det framlagde budsjettet legg vi opp til sal av tenester til andre (kan vere kommunar eller anna) tilsvarande 40% stilling. Vi er mellom anna i dialog med Sunnfjord kommune om dette, utan at noko pr i dag er avklara.

I sak 15/20 den 20.9.20 endra representantskapet budsjettet for 2020 i tråd med det som vart den praktiske løysinga: Rådgjevar har permisjon frå 40% av si stilling frå mars 2020 til mars 2021 for å jobbe tilsvarande hjå Sunnfjord kommune.

Permanent løysing er ikkje avgjort. For SEKOM er det viktig med 2 heile stillingar og den mest ønskjelege utviklinga er at fleire kommunar deltek slik at ein sikrar dette.

5.3 Oppdatert samarbeidsavtale

Den opprinnelege samarbeidsavtala som kommunestyra hadde vedteke i 2019 kom i retur frå Brønnøysundregistra med melding om formalfeil. Den 30.9.20 vedtok representantskapet framlegg til oppdatert samarbeidsavtale. Denne vart vedteken av alle kommunestyra og godkjent i Einingsregisteret 21.1.21.

Endringar etter tilbakemeldinga frå Einingsregisteret i Brønnøysund:

- Kommunenummer og ansvarsdel i prosent står no i avtalen.
- Selskapsnamnet inneheld no «kommunalt oppgavefellskap».

Andre endringar i oppdatert avtale:

- Signaturrett til dagleg leiar er teke inn i avtala.
- Representantskapet vedtek budsjett jf kommunelova.

6 Økonomi

6.1 Utdrag frå rekneskap 2020

	Rekneskap 2020	Budsjett 2020 Revidert	Budsjett 2020 Oppr.	Rekneskap 2019
Lønsutgifter	1 683 666	1 822 000	2 072 000	1 998 982
Andre utgifter	433 932	405 000	882 000	1 226 685
Brutto utgifter	2 117 598	2 227 000	2 954 000	3 225 667
Inntekter	-57 597	-168 000	-895 000	-570 665
Netto (=overføring frå eigarane)	2 060 001	2 059 000	2 059 000	2 655 002

6.2 Pensjonskostnader

Pensjonskostnadane er den største usikkerheita i SEKOM sin økonomi. Pensjonsutgiftene var på kr 165.000 i 2020. Det var heile kr 123.000 lågare enn året før. Hovudforklaringa er at reguleringspremien vert låg når lønsoppgjret er stramt.

Selskapet dekker reguleringspremie for ein høgare del pensjonistar enn det som er vanleg hjå kommunane. Sidan vi berre har 2 stillingar, kan dette gi vesentleg utslag og SEKOM sekretariat kjem difor ut med høgare pensjonsutgifter målt i prosent av løna enn kommunane.

6.3 Avslutning av rekneskapen

Lågare pensjonskostnadar og stram drift, gjorde at selskapet greidde seg utan å bruke av disposisjonsfond slik som budsjettet. Det stod att kr 31.301 som resultat når rekneskapen skulle avsluttast.

Ny kommunelov og tilhøyrande forskrift har noko endra reglar om avslutning av rekneskapen. Både ved meir- og mindreforbruk skal dette gjerast opp mot disposisjonsfond. Ut frå dette, er kr 31.301 sett av til disposisjonsfond (bufferfond) ved avslutning av rekneskap 2020.

Disposisjonsfond pr 31.12.20	Beløp
Bufferfond	401 052
Pensjonsfond (frå kommunar som gjekk ut)	501 598
Sum balanseført pr 31.12.20	902 650

7 Ressursbruk og avrekning

Vi fører timelister fordelt på kommunane og felles/administrasjon. Reiseutgifter til og frå kontrollutvalsmøte vert ført på fellesutgifter. Eigarkommunane har gjennom samarbeidsavtale, bestemt slik fordeling av driftstilskot til SEKOM sekretariat:

- Fast del 25%
- Etter tidsbruk 25%
- Etter folketal 50%

Avrekning for 2020 etter vedteken fordelingsnøkkel:

	Folketal 1.1.20	Tidsbruk	Folketal 50%	Tid 25%	Fast 25%	Sum tilskot
Askvoll	3 011	9,2 %	63 444	47 590	57 222	168 256
Bremanger	3 629	9,1 %	76 466	47 058	57 222	180 746
Fjaler	2 802	11,7 %	59 040	60 058	57 222	176 320
Gloppen	5 854	10,4 %	123 348	53 418	57 222	233 989
Gulen	2 297	12,1 %	48 399	62 541	57 222	168 163
Hyllestad	1 328	6,7 %	27 982	34 463	57 222	119 668
Solund	802	9,9 %	16 899	51 062	57 222	125 183
Stryn	7 130	10,5 %	150 234	53 976	57 222	261 432
Sunnfjord	22 030	20,4 %	464 188	104 835	57 222	626 245
Sum	48 883	100,0 %	1 030 000	515 000	515 000	2 060 000

8 Andre tilhøve

8.1 Personvern

SEKOM sekretariat har slutta seg til felles personvernombod gjennom Forum for kontroll og tilsyn (FKT). Plan for informasjonstryggleik er vedteken av styret 18.6.19 og personvernerklæring er vedteken av dagleg leiar med heimel i planen. Personvern har også eigen meny på nettsida.

8.2 Arkivansvar

Sidan kommunedirektøren ikkje har instruksjonsmynde over kontrollutvalet sitt sekretariat, har selskapet sjølvstendig ansvar for at dokumentasjonen vert sikra og tilgjengeleg etter same standard som annan kommunal informasjon.

Gjennom arbeidsplan har styret vedteke at kontrollutvala og selskapet sine dokument skal vere minst like tilgjengelege for ålmenta som dokument i eigarkommunane. Frå 2014, har hatt SEKOM eit elektronisk arkiv med Acos WebSak som datasystem for post/sak/arkiv. SEKOM har felles server hjå SYS IKT som driftar same system for 6 av deltakarkommunane. Vi har eiga nettside med kopling til sakssystemet og publiserer postjournal og møtedokument der.

8.3 Likestilling

Det er ein kvinneleg og ein mannleg medarbeidar. Styret var sett saman av 3 kvinner og 2 menn. Av faste medlemar i representantskapet (eigarorganet) er det 8 menn og 1 kvinne.

8.4 Arbeidsmiljø

Det har ikkje vore registrert fysiske skader eller ulukker i 2020. Selskapet har godt eigna lokale i Sunnfjord rådhus som er grunnlag for eit godt fysisk arbeidsmiljø. Lokalisering saman med ein kommuneadministrasjon gir også eit større arbeidsfellesskap, noko som er nyttig for eit selskap med berre 2 tilsette.

På grunn av pandemien, har dei tilsette i periodar av 2020 nytta heimekontor.

8.5 Ytre miljø

SEKOM sekretariat si verksemd forureinar ikkje det ytre miljø.

8.6 Meir om selskapet

Meir om SEKOM sekretariat finn de på www.sekom.no . Her er all møteinformasjon og postjournal med søkemogelegheiter både for sjølve selskapet og kontrollutvala.

Representantskapet i SEKOM sekretariat

Olve Grotle
Leiar

Kjell Eide
Nestleiar

Frank Ask

Tor Inge Myrhol

Magnar Hellesøy

Beate Dybendal Nordvik

Øyvind Lid

Tom Færøy

Sven Flo

Merknad:

Representantskapet vedtok årsmeldinga i fjernmøte 14.4.21. Den vert difor sendt til eigarkommunane utan underskriftene deira.

Arnar Helgheim
Dagleg leiar